



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Sogndal 16.11.2020

Protokoll - møte i Stedje sokneråd onsdag 11.11.2020, kl 19.00 på Kyrkjekontoret

Desse møtte: Mikael Bruun, Bente Karin Vatlestad, Berit Amundsen, Eldbjørg Reppen Ølnes, Helge Torstad og Kari Torhild Kvåle. Hans Magne Kvåle måtte forlate møtet etter kort tid pga jobben. Bjørn Skjeldestad hadde meldt forfall og Oddbjørg Uglum møtte i staden. Per Hilleren var ikkje til stades. Inger Pedersen møtte for å orientere om dei like gruppene med frivillige.

Opningsord v/Mikael Bruun

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend

Godkjenning av protokoll frå møte 29.09.2020.

Protokoll frå møte 29.09.2020 vart samrøystes godkjend.

Orienteringssaker:

1. Inger Pedersen orienterte om det frivillige arbeidet i dei ulike gruppene i Stedje sokn. Ho legg ned eit stort og viktig koordineringsarbeid. Orienteringa var i tråd med det årshjulet som soknerådet har vedteke.
Statusrapport til Stedje sokneråd den 11.11.20 frå Inger Pedersen, vert lagt ved protokollen.
2. Notat etter møte i diakoniutvalet. (var lagt ved innkallinga)
3. Open kyrkje Helgemesse. Det var open kyrkje to timar på laurdag 31. oktober, og to timar før gudstenesta starta på Helgemessesøndag 1. november. Mikael Brun orienterte om erfaringa var med dette tilbodet. Ingen møtte laurdagen, og to var innom før gudstenesta søndag. Folk steller gravene og tenner lys på formiddagen laurdag. Bør kanskje flytte tidspunktet laurdag til midt på dagen.
4. Notat etter møte i arbeidsgruppe for innvandarar. (var vedlagt innkallinga)
5. Orientering frå ulike utval som medlemmane i soknerådet er med i.
6. Ungdomsarbeidsutvalet: Kari Torhild orienterte.
7. Reingjering av kyrkjene og backup for kyrkjetenar. Leiar refererte skriv frå kyrkjekontoret.
8. Tildeling frå Sparebankstiftelsen, Sparebanken Vest. Kyrkjelydshytta har fått kr. 40.000,- frå koronafondet for tapte leigeinntekter jf sak 24/20 soknerådsmøtet 29.09.2020. Leiar ordnar med å få sendt ein takk til Sparebankstiftinga.

9. Eigedom/ økonomi: Leif Arne Nordeim følgjer opp i høve til ny taksering av eigedomar. Mindre aktivitet dette året har ført til mindre inntekter (offer). Det er lite å sende vidare til dei som normalt har motteke offergåver. Utgiftene er også noko mindre. For eldre er det uheldig at vips har overteke for kontantar under ofring. Må vurdere å ta i bruk ei bøsse, der pengane kan ligge reglementert tid for at dei skal vere utan smitte.
10. Offertildelingar 2021: Det har komme mange søknader. Dette vert sak på neste møte.

Vedtakssaker:

AU har ikkje hatt møte i forkant av dette møte, difor er sakene utan tilråding.

Sak 25/20 Barne- og ungdomsarbeid i Stedje sokn. Det er ynskjeleg at vi startar med å drøfte dette no, slik at vi har nokre tankar om kva som kan satsast på når «Nye Stedjetunet» opnar att. (Skriv frå Søndagsskulekonsulentane i Bergen krets var vedlagt innkallinga).

Vedtak: Soknerådet støttar det tiltaket Ungdomsarbeidsutvalet arbeider med. Dei har skrive til Stedjetunet om bruken av huset i høve til økonomi, utstyr og lager, og forholdet til andre leigetakar. Torstad tek opp med styret for Stedjetunet om å kontakte andre kyrkjelydar som har moderne kyrkjelydshus(f.eks Førde), om aktivitetar i regi av kyrkjelyden for å høyre andre sine erfaringar.

Vi drøfta også skrivet frå Søndagsskulekonsulentane i Bergen krets. Det er ynskjeleg at dei kan kome utpå nyåret, der dei vil vere med og samtale om arbeidet blant barn og unge. Til denne samlinga ynskjer soknerådet å invitere tidlegare søndagsskuleleiarar i soknet, arbeidsgruppa for innvandrarar v/diakon og evt andre som har engasjement for barne- og ungdomsarbeidet. Leiar føl dette opp.

Sak 26/20 Takkebrev til frivillige. Diakon har laga eit utkast (vedlegg til innkallinga) som ho ynskjer attendemelding på frå soknerådet.

Vedtak: Vi ser gjerne at kyrkjekontoret sender ut takkebrev kort tid etter at folk har slutta som frivillig. Så vil vi vurdere seinere om vi kan gjere noko enno meir personleg . Samstundes som soknerådet er oppteke av å vise takksemd, er det viktig å vere oppteken av å ikkje risikere forskjellsbehandling.

Neste møtet i soknerådet (i desember) vert i Stedjetunet. Det skal vere innflytting i slutten av november.

Møtet slutt klokka 21.00

Helge Torstad
Leiar soknerådet

Berit Amundsen
Sekretær soknerådet